

**Kårhus og naust**

31.05.2010

**Kåre Hauge, som eig ein eigedom på Skorpo, har skreve til landbrukskontoret i kommunen og spurd om det har nokon hensikt å søkje om å få byggja eit lite kårhus med reiskapsbu i kjellar..**

Han vil byggja huset på attståande grunnmur etter ei løe som vart rive for omkring 20 år sidan. Størrelsen på grunnmuren er 20 kvadratmeter, men eit eventuelt kårhus vil bli noko mindre.

Oskar Bringedal, som bur i Stavanger, har søkt kommunen om løyve til oppføring av naust i Uskedalen. Det vil bli på 48 kvadratmeter og får ei høgde på 5,5 meter.